



Dette er tomta slik ho no ser ut

**Dagleg leiar for Kvinnherad Vekst (tidlegare AFA)
Tor Vidar Sæle reagerar på fleire opplysningar frå kommunen
sin saksbehandlar Jon Harald Kjærland i samband med
det nye bygget i sentrum. Det gjeld mellom anna formuleringen om
at tiltakets kompleksitet er i overkant av kva firmaet til Asbjørn Sæle
er kvalifisert til.**

Tor Vidar Sæle opplyser at Asbjørn Sæle har hatt sentralgodkjenning heilt frå den gongen då dette vart eit gjeldande krav, og held fram:

- Dette veit Kjærland då han i alle år sidan har jobba med små og store prosjekt i kommunen. Eg kan som døme nemna Kvadraten, Husnes Barnehage, Husnes Ungdomsskule, Eplehagen byggjefelt med 40 bustader og slutføringen av Husnes Storsenter slik at bygget kunne opnast. Utanom desse har han hatt fleire store prosjekt i landet, opplyser Tor Vidar Sæle.

Foretaket er sentralgodkjent innan 5 områder:
Ansvarleg søkjar for bygningar og installasjonar (tiltaksklasse 2),
ansvarleg prosjekterande for samme (tiltaksklasse 1),
ansvarleg kontrollerande for samme (tiltaksklasse 1)
ansvarleg utførande for samme (tiltaksklasse 2)
ansvarleg kontrollerande for utføring av samme (tiltaksklasse 2)

Tor Vidar Sæle opplyser ellers at det var 22. mars i fjor AFA fekk godkjenning av kommunen for tilknytning til det offentlege avløpsnett.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen